

Leik som traumeterapi

REFERANSE:

Parker, M. M., Hergenrather, K., Smelser, Q., & Kelly, C. T. (2021). Exploring child-centered play therapy and trauma: A systematic review of literature. *International Journal of Play Therapy*, 30(1), 2–13. DOI: <https://doi.org/10.1037/pla0000136>

Studien som blir presentert her, ser nærmere på påverknaden Barnesentrert leikterapi kan ha på barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjoner.

Traume blir beskrive som eit resultat av ein emosjonelt smertefull situasjon som overvelder ein person si evne til å overkomme eller handtere den. For barn kan kjensla av at dei ikkje har kontroll vere nok til å skape eit traume. Institutt for behandling av stoffmisbruk og psykiske sjukdommar (The Substance Abuse and Mental Health Services Administration) i USA rapporterte i 2017 at to tredjedeler av barn i USA opplevde minimum ein traumatisk situasjon før dei var fylt 16 år. På grunn av det store talet barn som har opplevd potensielt traumatiserande opplevingar, blir traume som stammar frå barndommen sett på som ein av dei viktigaste helsemessige utfordringane for amerikanske helsemyndigheter å gripe fatt i.

Bakgrunn

Traumatiske situasjoner kan ha stor øydeleggjande effekt på individet langt inn i voksenlivet. Når barn opplever potensielt traumatiske situasjoner, kan dette påverke deira sosiale, emosjonelle og kognitive utvikling i negativ retning. Når dei blir vaksne, har desse barna auka risiko for å utvikle blant anna depresjon, alkoholmisbruk, risikofylt seksualåtferd og sjølvmordsadferd. Dei har òg ein større risiko for å få blant anna overvekt, diabetes, slag, hjartesjukdommar og kreft. Eit barn som vert påført traume, kan også utvikla grunnleggjande tillitsproblem og vil då ha mindre tillit til dei som skal hjelpe dei. På grunn av dei negative konsekvensane av å bli påført traume i barndommen er det viktig å identifisere effektive traumesensitive og utviklingssegna tiltak¹ (intervasjonar) for barn som har opplevd potensielt traumatiserande situasjoner.

Barnesentrert leikterapi er ein kunnskapsbasert tilnærming for barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjoner. Barn brukar leik som ein metode for å lære, for å prosessere kjensler og for å skape mening i verda som dei opplev den. Forskarane ser at ein ved bruk av Barnesentrert leikterapi lettare kan identifisere og møte utviklingsbehova til barn som har opplevd traumatiske situasjoner. Likevel er Barnesentrert leikterapi sjeldan inkludert i systematiske kunnskapsoversyn² og forsking som utforskar effektive behandlingar for barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjoner. Gjennom ei metaanalyse³ ynskjer forskarane bak dette systematiske kunnskapsoversynet

¹ **Tiltak:** Inngrep eller behandling. I ein eksperimentell studie gir ein individ, grupper, eininger eller liknande noko som ikkje allereie eksisterer, t.d. tilgang til eit lærermiddel eller ein undervisingsmetode, for å undersøke effekten av tiltaket.

² **Systematisk kunnskapsoppsummering/-oversyn:** Ei systematisk kunnskapsoppsummering tar utgangspunkt i et klart definert forskingsspørsmål eller mål og bruker systematiske og eksplisitte metodar for å identifisere, velje ut og kritisk vurdere relevant forsking, samt for å samle inn og analysere data frå studiane som er inkluderte i oppsummeringa. Kunnskapsoppsummeringa resulterer ofte i eit systematisk kunnskapsoversyn, som regel ein artikkel eller ein rapport, som gir eit oversyn over temaet eller svar på forskingsspørsmålet.

³ **Metaanalyse:** Statistiske teknikkar for å integrera resultata av inkluderte studiar i det systematiske kunnskapsoversynet.

bidra til ei auka forståing av effekten leikterapi har på barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjonar.

Føremål

Fylgjande fire forskingsspørsmål styrte utvalet av studiar som var relevante for den systematiske kunnskapsoppsummeringa (vår omsetting⁴):

1. Kva er den metodologiske kvaliteten⁵ på forsking som brukar Barnesentrert leikterapi med barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjonar?
2. Kva type traumatiske situasjonar er adressert innanfor forsking som brukar Barnesentrert leikterapi?
3. Korleis vurderer forskarane av Barnesentrert leikterapi forbetrinigar hos barn som har opplevd traumatiske situasjonar?
4. Kva effekt har Barnesentrert leikterapi på barn og deira føresette etter ein potensielt traumatiske situasjon?

Inkluderte studiar

Søket etter relevante studiar blei gjort i overenskomst med seks kriterium. Studiane måtte:

1. omhandle barn som har opplevd ein eller fleire potensielt traumatiske situasjonar
2. inkludera minimum ei tiltaksgruppe⁶ som fekk ein klar Barnesentrert leikterapiorientert intervension
3. samanlikne verknaden av Barnesentrert leikterapi med verknaden av (a) å ikkje få nokon behandling, (b) terapi/behandling som vanleg, eller (c) ei alternativ behandling
4. bruke kvantitativ psykometrisk vurdering⁷
5. vere skriven på engelsk
6. vere publisert mellom 1999 og 2018

Studien blei ekskludert viss han ikkje oppgav originale resultat, brukte enten ei venteliste-gruppe⁸ eller samanlikningsgruppe⁹, og viss studien ikkje inkluderte detaljert informasjon om intervensjonen.

Det var til saman 32 studiar som møtte kriteria satt for inkludering. Til saman inkluderte studiane 1 207 deltararar, og kvar studie inkluderte frå 12 til 168 deltararar. I tidlegare metaanalysar som omhandlar Barnesentrert leikterapi, har også andre typar Barnesentrert terapi blitt inkludert. Det gjer at det også i dette kunnskapoversynet blir inkludert studiar med annan Barnesentrert terapi. Dei inkluderte terapiformane på tvers av dei inkluderte studiane er Barnesentrert leikterapi (n = 7),

⁴ (1) What is the methodological quality among research studies using CCPT with children after potentially traumatic experiences? (2) What types of traumatic events are addressed within CCPT research? (3) How are CCPT researchers assessing improvements after traumatic experiences? (4) What is the measured effect of CCPT on children and their caregivers after potentially traumatic experiences?

⁵ **Metodologiske kvalitet:** I kva grad forsøket sitt design og utførelse har forhindra systematiske feil.

⁶ **Tiltaksgruppe:** Ei gruppe som mottek intervenerande tiltak, til dømes ekstra ressursar. I ein eksperimentell studie gir ein individ, grupper, einingar eller liknande noko som ikkje allereie eksisterer.

⁷ **Kvantitativ psykometrisk vurdering:** Målingar av psykologiske fenomen, t.d. symptom på psykiske lidningar.

⁸ **Venteliste-gruppe:** Ein gruppe deltararar som får den same intervensjonen eller behandlinga som dei eksperimentelle gruppene, men på eit seinare tidspunkt. Dei blir brukte som samanlikning og for å hindre feilaktige resultat.

⁹ **Samanlikningsgrupper:** Ein gruppe deltararar som enten får same intervensjon eller behandling som den eksperimentelle gruppa, eller som ikkje får det. Denne gruppa blir brukte for å utforske kontrafaktiske utsegna.

barn–føresette-forholdsterapi ($n = 16$), barn–lærar-forholdsterapi ($n = 5$), gruppebasert barnesentrert leikterapi ($n = 3$) og barnesentrert aktivitetsterapi ($n = 1$).

Resultat

Dei 32 inkluderte studiane kategoriserte deltakarane som minoritet eller innvandrar ($n = 9$), levde i fattigdom ($n = 8$), utsett for eller vert vitne til mishandling ($n = 6$), adoptert, foreldrelaus eller med tilknytingsforstyrring ($n = 5$), opplevd kronisk sjukdom ($n = 2$), erfaring med å ha foreldre i fengsel ($n = 1$) og opplevd naturkatastrofar ($n = 1$). Dei inkluderte studiane var av varierande kvalitet, og artikkelforfattarane etterlyser blant anna bruk av statistisk styrkeanalyse¹⁰.

Det er ein god mengde studiar som har undersøkt påverknaden barnesentrert leikterapi kan ha på barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjonar. Forskarane ser at barn som har opplevd traumatiske opplevingar, har ein større sjanse for å utvikle åtferdsproblem som varar over lang tid, kan hende som ein meistringsstrategi for å beskytta seg sjølv. 60% av dei inkluderte studiane viste ein signifikant nedgang i barna sin eksternaliserende åtferd¹¹ som fylgje av leikterapi, og 64% rapporterte signifikant nedgang i generell negativ åtferd hos barna. På den andre sida rapporterte berre 36% av studiane ein signifikant nedgang i internaliserende åtferd¹² hos barn. Årsaka til dette kan vera vanskar med å isolere internaliserende åtferd som fylgje av traume frå andre samtidige tilstander, som ADHD.

Studiane indikerer at barnesentrert leikterapi har signifikant¹³ og positiv påverknad på barnet sitt forhold til andre, spesielt på forholdet til føresette. I studiane som omhandla føresette sin grad av empati¹⁴ ovanfor barnet, visar alle studiane ei signifikant auke i empati for barnet hos føresette. Dette indikerer at føresette som er i kontakt med barnet sitt når barnet leikterapi, føler mindre stress og meir empati ovanfor barnet, noko som hjelper dei å møte barnet på ein betre måte.

Implikasjonar

Gjennom dette systematiske kunnskapsoversynet har det blitt tydeleg at det trengs meir forsking på bruk av leik i behandling av barn som har opplevd potensielt traumatiske situasjonar. Når artikkelforfattarane undersøkte kva for studiar som rapporterte signifikante resultat og ikkje, kom det ikkje frem nokon tydelege mønster. Ved å sjå på studiane som er inkluderte, kjem det fram kunnskapshull som ny forsking kan vere med å tette. Studiane visar blant anna til små undersøkingsgrupper, og at fåtal av studiane ($n = 8$) inkluderte mengde- og styrkeberekingar¹⁵. Forskarane bak dette kunnskapsoversynet har undersøkt påverknaden barnesentrert leikterapi kan ha på dei akademiske prestasjonane, men dei har ikkje sett på potensielt traumatiske situasjonar som kan stamme frå å ha låge akademiske prestasjonar. Dette er hol som bør tettast av ny forsking.

¹⁰ **Statistisk styrkeanalyse:** Berekning av kor mange deltakar studien bør inkludere for å kunne identifisere statistisk signifikante resultat av tiltaket for populasjonen (her: traumeutsette barn). Se def. av **statistisk signifikant** under.

¹¹ **Eksternaliserende åtferd:** Utagering på ein slik måte at det påverkar andre negativt, til dømes ved fysisk aggressjon.

¹² **Internaliserende åtferd:** Utagering på ein slik måte at det påverkar/skader ein sjølv, til dømes ved depresjon.

¹³ **Statistisk signifikant:** Eit resultat som det er usannsynleg at er komme fram ved eit tilfelle.

¹⁴ **Parental empathy:** Kapasiteten føresette har til å opp leve, forstå og respondere til dei psykologiske behova til sine barn.

¹⁵ **Mengde- og styrkeberekingar:** Ein kalkulasjon som hjelpt ein til å bestemme ein minimum størrelse for undersøkingsgruppa for forskinga.